



Steinar Myklebust grillar laks for tyske gjestar i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er altfor tidleg å fella nokon endeleg dom over den turistsesongen vi no er midt inne i. Det strekar Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter under som eit apropos til lokale medieoppslag om ein lovande turistsesong i Kvinnherad trass ein generell svikt.

Men det er i det minste eit positivt trekk at tyskarane ikkje later til å svikta tross finanskrisa og aukande arbeidsløysa. Det er til dømes observert tre tyske båtar på ein gong i hamnane våre. Og tysdag sykla ein gjeng frå Bayern på 25 forbi Uskedalen.

Heller ikkje sviktar reiseveteran nummer ein frå Tyskland til Rabben, Siggie Klemm. I førre veka var han der med en buss som romma 21 og denne veka har han 11 fiskeglade turistar med seg, fortel Steinar. No tek Siggie ein pause, men han kjem att med nye grupper i august.

Generelt reknar ikkje Steinar med at det blir verkeleg fart over innrykket før i neste veke og då vil våre eigne landsmenn naturleg gjera seg sterkt gjeldande. Mange meiner at det blir ein god 'norsk' turistsommar fordi vi prioriterer ferie i eige land.

Steinar ser også med optimisme fram til eit innrykk som ikkje har noiko med turistsesongen å gjera:

- Storprosjektet med supplybåten hos Eidsvik Skipsbyggeri vil bety mykje for oss, som for heile Uskedalen generelt.

Når ferien er over kjem vi til å leige ut småhytter utover sommaren og hausten til folk som skal arbeide på båten, opplyser Rabben-verten.

Karen Løvfall Våge ved turistinformasjonen i Rosendal er nøgd med innrykket så langt. Ikkje minst peikar ho på at hovudtyngda av gjestene nettopp er tyskarar, men det kjem også nederlendarar og britar - dei siste frå turistskipa. Ho har inntrykk av at det ofte allereie er fullt på overnattingsstadene i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen



Eit skikkeleg døme på at tyskarane ikkje sviktar: 25 frå Bayern gjennom Kvinnherad på sykkel onsdag. Dei hadde ein rask rast på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)